

Nye internkontrollreglar frå 1. januar 2021

Kommunalnytt 8/2020, Kommunalavdelingen i Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Dei nye reglane om internkontroll for kommunane skal gjelde frå 1. januar 2021. Det vart fastsett i statsråd 25. september. Det nye regelverket i kommunelova skal erstatte internkontrollreglane i ei rekke sektorlover.

Storparten av den nye kommunelova vart sett i verk hausten 2019, medan økonomiføresegnene og enkelte andre kapittel vart sett i verk 1. januar 2020.

Reglane om internkontroll i den nye kommunelova er enno ikke sett i verk. Disse reglane skulle tre i kraft samtidig som oppheving eller endring av internkontrollføresegnere i sektorlovene trer i kraft.

Stortinget vedtok å oppheve eller endre internkontrollføresegnene i sosialtenestelova, barnevernlova, krisesenterlova, folkehelselova, introduksjonslova og opplæringslova i juni.

Dei vedtatte endringene om internkontroll både i kommunelova og i sektorlovene trer altså i kraft frå 1. januar 2021. Frå da er det kommunelova kapittel 25 som regulerer krav om internkontroll med kommuneplikter.

Unntaket frå den samla reguleringa er forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta 28. oktober 2016 nr. 1250, som framleis skal gjelde.